



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Utvalet for oppvekst og omsorg

**Møtedato:** 15.10.2014

**Møtetid:** 15:00 - 16.00

**Møtestad:** Kommunehuset

Av 5 medlemmer møtte 5, inkludert 2 varamedlemmer.

<b>Desse medlemene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
Eva Hellevang (H)	Ragnfrid Olsnes (Bl)
Sigmund Dyrhovden (Krf)	Bjarne Hauge (Krf)

<b>Andre som var til stades på møtet:</b>
Skule og barnehagefagleg ansvarleg K.Steinsland og ass.rådmann Våge

<b>Møteleiar:</b>	Liv Berit Befring (Ap)
<b>Møtesekretær:</b>	Hilde-Lill Våge (ass.rådmann)

<b>Merknader:</b>

<b>Orienteringar/meldingar:</b>	
<b>Utvalet sitt kvarter:</b>	Karl Kolbotn (Frp) stilte spørsmål om det var lagt opp til gjenbruk av kasta inventar i samband med riving av sjukeheimen. Administrasjonen sjekkar ut dette.
<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 22.10.2014

---

Underskrift utvalsleiar

---

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
010/14	14/780	Faste saker	
011/14	13/161	Leige av lokale på Bjørkheim senter til bibliotek	
012/14	14/432	Busetjing av flyktningar i 2014-2015	

**SAKNR. 010/14**  
**FASTE SAKER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- 

**15.10.2014 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG**

Handsaming i møtet: Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Utvalet sitt kvarter: Karl Kolbotn (Frp) stilte spørsmål om det var lagt opp til gjenbruk av kasta inventar i samband med riving av sjukeheimen. Administrasjonen sjekkar ut dette.

**OO-010/14 VEDTAK:**

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent

Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

**SAKNR. 011/14**

**LEIGE AV LOKALE PÅ BJØRKHEIM SENTER TIL BIBLIOTEK**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune har ikkje økonomi til å inngå leigeavtale eller kjøpe areal til bibliotek på Bjørkheim og må derfor takke nei til tilbødet frå Bjørkheim senter a.s.

**15.10.2014 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG**

Handsaming i møtet: Ass.rådmann orienterte om at årleg lånekostnad i saksutgreiinga skulle vera kr. 650.000.

Tilleggsframlegg frå K.Kolbotn (Frp):” OO ønskjer å få utrede rehabilitering av lokala i biblioteket på kommunehuset. Alternativt kostnadar med å installere ny heis. Samtidig ønskjer OO at rådmannen går inn i nye forhandlingar med Finn Mohn om leigeprisar i det nye bygget på Bjørkheim. Rådmannen utredar dette på kommunestyremøtet 17. desember.”

Det vart røysta punktvis.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget frå Kolbotn (Frp) vart samrøystes vedteke.

**OO-011/14 VEDTAK:**

Samnanger kommune har ikkje økonomi til å inngå leigeavtale eller kjøpe areal til bibliotek på Bjørkheim og må derfor takke nei til tilbødet frå Bjørkheim senter a.s.

OO ønskjer å få utrede rehabilitering av lokala i biblioteket på kommunehuset. Alternativt kostnadar med å installere ny heis. Samtidig ønskjer OO at rådmannen går inn i nye

forhandlingar med Finn Mohn om leigeprisar i det nye bygget på Bjørkheim. Rådmannen utredar dette på kommunestyremøtet 17. desember.

**SAKNR. 012/14**

**BUSETJING AV FLYKTNINGAR I 2014-2015**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune ser det ikkje som mogleg å busetja flyktningar dei næraste åra. Grunngevinga for dette er at me meiner at dei økonomiske vilkåra for kommunen er for dårleg til at me kan gje flyktningane det tilbodet me meiner er naudsynt for ei god integrering. I tillegg har me ikkje tilgjengelege bustader og næringsstrukturen er slik at det er vanskeleg å skaffa relevante arbeidsplassar/praksisplassar.

**15.10.2014 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG**

Handsaming i møtet: Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

**OO-012/14 VEDTAK:**

Samnanger kommune ser det ikkje som mogleg å busetja flyktningar dei næraste åra. Grunngevinga for dette er at me meiner at dei økonomiske vilkåra for kommunen er for dårleg til at me kan gje flyktningane det tilbodet me meiner er naudsynt for ei god integrering. I tillegg har me ikkje tilgjengelege bustader og næringsstrukturen er slik at det er vanskeleg å skaffa relevante arbeidsplassar/praksisplassar.